# kultur og medier

Nyhetsleder kultur
**Guro Istad**
tlf. 55 21 45 22 – epost: kultur@bt.no



**bt.no/bergenpuls:** Les mer om kulturnyheter, film, musikk, litteratur, spill, tv, scene og utstilling.



**HJØRNESPARK:** *Fotballbana ved sidan av Cornerteateret manglar eit hjørneflagg, derav namnet på det nye teateret.*

# Ny vår for Møhlenpris

**Personane bak Cornerteateret trur Møhlenpris' nye kulturhus kan skape eit løft for både bydelen og byens frie scenekunstfelt.**

SONDRE ÅKERVIK
JAN M. LILLEBØ (foto)
sondre.akervik@bt.no

Møhlenpris er som eit symbol på fordums tider i Bergen. Den kontinentale arkitekturen, dei ærverdige trikkeskinnene, og der, ved sida av fotballbana til FK Djerv – den gamle maskinhallen til Mjellem & Karlsen. Det er lenge sidan skipsverftsindustrien var aktiv her, men bygget bestod – så vidt.

–Det var verkeleg ei rønne, fortel Linda Børnes.

Vi står inne i det som er byens nyaste teaterbygg. Børnes er dagleg leiar i Proscen, interesseorganisjonen for det frie scenekunstfeltet på Vestlandet – og har nyss flytta inn i det flunkande nye lokalet som har fått namnet Cornerteateret.

## Lokale utan funksjon

For litt over tre år sidan såg situasjonen heilt annleis ut. Den grøne bygningen var heilt falleferdig, klar til å gi tapt mot tidas tann. Eigarane, GC Rieber Eiendom, visste ikkje kva dei skulle gjere med det verneverdige huset, som ikkje kunne rivast. Samtidig var Vestlandske Teatersenter (VT) på jakt etter nye lokale. Leiar i VT, Frøydis Otre, fekk ein lys idé.

–Eg spurte først Rieber om dei hadde eit bygg som passa vår verksemd. Det hadde dei ikkje. Men eg bur på Møhlenpris, og lanserte ideen om å gjere verftshallen om til eit teaterhus. Det tente dei på, seier Otre, og slik vart det.

Ballen begynte å rulle for Cornerteateret, og Proscen kom inn i biletet. Tanken var å gjere bygget til eit hus for det frie scenefeltet, dei som står utanfor dei etablerte institusjonane. Tre år seinare er planane sett ut i live, og i kveld har teateret premierefest.

–Det blir eit hus som skal vere i drift 24 timar i døgnet, og er lågterskel i den forstand at det skal famne om alle, uavhengig av økonomi. VT skal ha skule for barn og unge her på dagtid; på kveldstid kan vi prioritere dei som har meir scenetekniske produksjonsbehov. Vi er fullbooka eit heilt år framover – det er ikkje eitt minutt ledig, seier Linda Børnes.

**fakta**
**Cornerteateret**

- Hus for produksjon og visning av teater, og eit kreativt scenehus for barn og unge.
- Eit samlingspunkt for heile det frie scenekunstmiljøet i regionen, og dekkjer eit vidt spekter av både produksjonstekniske og administrative oppgåver.
- Har premierefest i kveld, og opnar for aktivitetar frå og med 7. september.



**PERSONLEG STOL:** *For 2500 kroner kan folk få sin egen stol med eige namn og kloke ord på.*

## Mad Men-tilstandar

Det er så ein kan høyre lydane av gamle dagar, støyen som følgde med industrisamfunnet. Både inne i bygget, og utanfor, er arbeidarar i full sving, og gjer den siste finpussen før laurdag.

–Sjå der.

Børnes peikar opp mot stålbjelkane i taket. Det var desse bjelkane som i si tid gjorde bygget verneverdig. Stålkonstruksjonane stabiliserer og held heile huset saman. Ein byggjeteknisk metode som er så særeigen at tilreisande frå Tyskland ein gong kom for å sjå det.

–Vi har tatt vare på dei opphavlege veggane, så ein kan sjå detaljane. Men vi har sett inn ekstra forsterkningar slik at det kunne bli eit sceneteknisk rom, og bygd eit hus i huset, fortel Børnes.

> *Det er ein bydel som er litt stigmatisert*
>
> LINDA BØRNES, DAGLEG LEIAR I PROSCEN

Vi går opp ei snirklete trapp. Bygget er større enn det verkar frå utsida. Der, heilt øvst, eit stort og ope kontorlandskap. Moderne, men med den umiskjennelege lukta av gammalt treverk. Mange av dei opphavlege treplankane frå då huset blei bygd i 1890, er nemleg ein integrert del av det nye interiøret.

–Arkitekten Paal Kahrs har verkeleg vore flink til å finne ein god bevaringsmodell, seier Børnes.

–Og dette er jo det finaste kontoret i byen. Ikkje dumt, seier ho mens ho fører oss inn på kontoret sitt, som er vakkert vendt ut mot sjøen.

–Utsikta er heilt nydeleg, og på kveldstid er det fantastisk med alle lysa. Som kulturarbeidar kan eg også jobbe litt på kvelden. Så kan eg leggje meg ned som Don Draper i Mad Men og tenkje, seier Børnes, halvt for spøk, og ler.

## Spennande bydel

Ho er ikkje i tvil om at det nyopna Cornerteateret vil få mykje å seie for teaterscena i byen.

–For det frie feltet har ein på ingen måte hatt eit fullverdig produksjonslokale. Mange har vore nøydde til å reise til andre byar, fordi infrastrukturen ikkje har vore på plass. Eg håper dette også kan generere nye aktivitetar, og skape ein synergi mellom det frie og det allereie etablerte teaterfeltet. Vonleg med enno meir kvalitet i produksjonen, seier Børnes.

Frøydis Otre i VT legg til at Cornerteateret på sikt skal bli ein unik smeltedigel for scenekunst.

I første omgang håpar ho huset kan vere med på å løfte Møhlenpris.

–Det er ein bydel som er litt stigmatisert, og brukt som døme på problematikken kring Nygårdsparken. Den treng liv etter klokka fire, når kontora rundt Marineholmen stenger. Eit hus med aktivitet på kveldstid levandegjer området, og vitaliserer heile bydelen, meiner Otre.

Næraste nabo til Cornerteateret er Bergen Kaffebrenneri og Handelshøyskolen BI. Litt lenger oppe i gata ligg bydelskafeen Nobel Bopel. Otre synest det skjer mykje spennande i nærområdet rundt teaterhuset.

–Det finnast gode krefter som jobbar for at Møhlenpris skal bli ein bydel som resten av befolkninga i byen skjønar dei må vitje. Møhlenpris har ei spennande framtid, proklamerer Otre.

Børnes stemmer i, og legg til at alle aktørane i området samarbeider om å løfte Møhlenpris.

## Patriotisk val

–Alle har ein særeigen stil, og ingen vil gå andre i næringa. Vi har ein veldig god dialog med både Bergen Kaffebrenneri og Nobel Bopel, og vi har snakka om å bruke kvarandre i samband med arrangement, seier Børnes.

–I tillegg er billettsystemet vi skal nytte utvikla av Vilvitesenteret. Vi valde dei heilt medvite fordi dei var lokalt forankra, og dei har eit brukarvenleg og fin betalingsteneste der folk kan bruke smarttelefon.



**PREMIEREKLARE:** *Desse er involvert under den offisielle opninga av Cornerteateret i kveld.*

*Millan Persdotter Persson er produsent for opninga. Skodespelarane Harald Nødtvedt (til v.) og Claus Sellevoll gir folk ein smakebit på kva som skjer utover hausten.*

### Dette skjer på Cornerteateret

**7. SEPTEMBER:** Opningsfest med smakebitar frå programmet i haust, og talar frå kulturpersonlegdommar.
**14.- 21. SEPTEMBER:** Framsyninga «Gatenes Helter» av Stig Holmås tar oss med tilbake til 1950-talet, den gong stillas og heisekraner fylte Damsgårdssundet, og den jamne klinkinga frå skipsverfta var dagleglivets lydspor.
**22. SEPTEMBER:** «Hver dag Every Day» er ein danseinstallasjon for barn og unge (0-4 år), som består av dans, song, transformasjon av rom og lydlandskap.
**27-29. SEPTEMBER:** «Munch Remastered» er ei reise i musikk og dans gjennom åtte av Edvard Munchs maleri i høve kunstnarens 150 års jubileum.
**4. OKTOBER:** Førestillinga «De selektive» omhandlar fosterdiagnostikk og selektiv abort. Kva er eit menneske? Kva gir mennesket verdi? Kan ulike menneske ha ulik verdi? Dette er nokre av spørsmåla stykket reiser.

Heldigvis var den gamle lagerbygningen i Thormøhlens gate rett overfor cornerflagget på fotballbanen på Møhlenpris verneverdig, elles hadde det blitt rive.



**kommentar**

hilde.sandvik@bt.no
Hilde Sandvik er kultur- og debattredaktør i BT

# Corner-modellen

**BERGEN VILLE IKKJE** berre gått glipp av det nye Cornerteateret, som opnar i dag – ein ville også ha gitt frå seg sjansen til å skape det som har blitt eit vakkert byrom langs sjølina.

Når ein går inn i det grønmalte huset i dag, kan ein tenkje på kva byen har gått glipp av ved å pakke ned det verna Ekserserhuset i staden for å fylle det med kultur, eller ved å gi frå seg høvet til å byggje om Tanks skole som mogleg teaterhus for Hordaland teater.

**CORNERTEATERET LIGG I** eit hus som var ein del av verftet på Møhlenpris. Det er blitt nytta som både produksjonshall og lager.

Det særskilde, som gjorde at huset vart verna, er eit stort takspenn. Takbjelkane i den store hallen er forsterka med wire og stag. Ifølgje administrerande direktør Bjart Nygaard i Marineholmen Forskningspark kom det i si tid folk frå utlandet for å sjå på det bygningstekniske.

**FRÅ I DAG** finst det heilt andre grunnar til å ta turen til Møhlenpris. Vestlandske Teatersenter sin årlege teaterfestival for barn og unge, Mini Midi Maxi, har utvikla seg til ein festival i internasjonalt format. Fleire av teaterfestivalens oppsetjingar kjem frå no til å bli synte her. I tillegg driv teatersenteret ein teaterskule for barn og unge, som vil bli eit viktig fritidssupplement til idrettsklubben Djerv tvers over vegen.

I løpet av eitt år har Vestlandske Teatersenter og stiftinga Proscen, som har som oppgåve å leggje til rette for den frie scenekunsten på Vestlandet, arbeidd fram mot opningsdagen. Med støtte frå Kulturrådet – og med ein positiv kommune – vart opprustinga mogleg. I tillegg er det selt stolar til teatersalen, i første rekkje til GC Rieber og Bergen kommune, men også ei rekkje privatpersonar.

**DET ER LIKHEITSTREKK** mellom Cornerteateret og Litteraturhuset i Skostredet: Ein satsar på fleirbruk, på privat engasjement – men også offentleg stønad. I tillegg er husa med på å styrkje og løfte fram historiske bydelar som har vore slitne.

Den nye arkitekturen langs sjølina på Møhlenpris gir få vitnesbyrd om kor viktig bydelen har vore for den bergenske industrihistoria. Med Cornerteateret får ein sikra ein historisk kontinuitet som er viktig for identiteten i bydelen.

**SJØLV SNAKKAR** Vestlandske Teatersenter og Proscen om å utvikle ein eigen «Cornermodell» for samarbeid på tvers i frie scenekunstfeltet.

Cornermodellen kan gjerne utvidast til å omfatte kunnskapen om korleis ein tek vare på eit byrom.